

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 1.desember 2022
	Kl. 19.00 – 21.15
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Dag

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Sigrunn Ljosland, Ingeborg H. Ørjasæter, Svein Arne Theodorsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara) og Reidun Andersen (sakshandsamar)

Forfall: Kirsti A. Frugård

SAKLISTE

2022/61- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent med merknad om feil dato i emnefeltet i innkallinga.

2022/62- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte (8/11)

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker sidan sist.

2022-63- 331 Trusopplæringa i soknet

Trusopplæringsutvalet og tilsette innan trusopplæringa var spesielt invitert til møtet. Soknerådet la opp til ein god samtale rundt arbeidet innan trusopplæringa med ei blanding av informasjon om noverande tiltak, planar og ønskjer framover m.m.

Moment frå samtalen:

Kyrkjelydspedagog Ingvild Baugstø Almås informerte om arbeidet i trusopplæringa. Soknerådet fekk utdelt årshjul, og oversikt over kontinuerlege tiltak. Ingvild og Anne B. Nilsen har komprimert nokre tiltak då det ikkje er vikar i permisjonsperioden til Elisabeth Fauskanger. Ingvild har vore store deler av hausten åleine pga sjukmelding. Har likevel klart å gjennomføra det meste, mykje takka mange gode frivillige som er med. Overnatting i Stord kyrkje for første gong for T11, og mange barn og unge har teke del på alle tiltaka. Behov for nokre fleire frivillige til å lage mat til konfirmantane.

Trusopplæringsplanen som vart laga i 2014 er på veg til å bli utdatert. Det vert jobba med ei revidering av planen, både lokalt og nasjonalt. Planen bør vere enklare, og slik at det kan vera eit godt arbeidsreiskap for kyrkjelydspedagogane og dei frivillige. Planarbeidet vert eit tema på Døgnet i januar, og soknerådet vil invitere utvalet til eit møte tidleg i 2023 for å ha ei felles drøfting av innhald og prioriteringar i planen. Dagfinn Koppang går over frå diakoniutvalget til TOL-utvalget i permisjonsperioden frå no og ut perioden i 2023.

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2022/64- 311 Gudstenesteplan våren 2023 – Del 2

Gudstenesteutvalet ved Egil la fram forslag til gudstenesteplan for siste del av våren 2023, som oppfølging av saka frå oktober-møtet.

Vedtak:

Gudstenesteplanen vart godkjend som framlagt.

Det vert jobba med å få til utegudsteneste i Parken 7.mai, men det gjenstår å få bekrefte prest og muskar. Gudstenesteutvalet følgjer opp og involverer soknerådet eller andre frivillige ved behov.

Det vert ikkje satt opp gudsteneste i sentrum (ifm Folk i sentrum) 11.juni i planen, men gudstenesteutvalet vurderer denne moglegheita ila våren.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2022/65- 010 Val av leiar og nestleiar for 2023

Kvart år skal leiar og nestleiar veljast på nytt. Det kom forslag om gjenvalg, og kandidatane ynskjer å fortsetja i verva.

Vedtak:

Leiar: Anders Dahl

Nestleiar: Dag Sele

Samrøystes.

2022/66- 002 Kyrkjeval 2023 – nominasjonskomite

Det er soknerådsval hausten 2023. Nominasjonskomiteen må vere på plass ila januar. Soknerådet er valstyre, og ein tilrår å velje ein eigen valstyreleiar. Nominasjonskomiteen bør vere fem personar og kan bestå av personar i og utanfor soknerådet.

Vedtak:

Endeleg vedtak vert utsett til 3. januar.

Det er førebels to personar som har sagt ja til å sitje i nominasjonskomiteen og nokre som ikkje har svart enno. Me må ha minst tre personar og ønskjer gjerne inntil fem. Det vert teke med i kunngjeringane 11. desember for å høyre om nokon melder interesse for å vere med.

2022/67- 002 Budsjett 2023

AU la fram forslag til budsjett i møtet.

Vedtak:

Budsjett for 2023 vart vedteke med denne merknaden: Flyttar kr. 10 000 frå barne og ungdomsarbeidet til kyrkjemusikalsk arbeid, det trengs nye instrument til kyrkja.

Samrøystes.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- ~~1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Svein Arne og Reidun m.fl.~~
2. Ny sokneprest v/Svein Arne. Jørgen Knudsen har takka ja til soknepreststillinga i Stord sokn. Han tek formelt til i stillinga 15. desember, og vert innsett i gudstenesta 1. juledag.
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag. Søkjar til diakonimedarbeidar har fått tilbod om stillinga, og som vikar i trusopplæringa.
4. Jørgen Knudsen har spelt inn at den norske kyrkja legg opp til moglegheit for drop-in bryllaup ifm. valentinsdagen 2023. Ønskjer vi å gjere noko ut av dette lokalt? Sak for neste SR-møte.
5. Tilsetjing av ny biskop: Dei seks aktuelle kandidatane er no klare og soknerådsmedlemmene vert oppmoda om å gjere seg kjend med desse før me skal gje rådgjevande røyst i neste møte.
- ~~6. Innspel frå utvala~~
- ~~7. Døpsvertar i Stord Kyrkje.~~
 - ~~a. Dette vert tatt i bruk framover. Korleis ønskjer vi det? Rekruttering?~~
- ~~8. Kyrkjekaffi.~~
 - ~~a. Ønskjer vi det meir fast framover? Kven kan halde tak i det?~~

Skriv, referat og meldingar

1. Referat TOL-utval 25. oktober
2. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 9. november

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign